

# Voss Utferdslag



NVE, Konesjonsavdelinga,  
Postboks 5091 Majorstua,  
0301 OSLO

Dykkar referanse: 201005093-10  
Saksnr: 201207442

## Høyringsuttale Togrovi Kraftverk.

Voss Utferdslag har nedfelt i sine vedtekter at laget skal arbeida for å verna om naturen slik at komande generasjonar kan oppleva urørt natur. Av den grunn ynskjer laget å gje høyringsuttale om konsesjonssøknadane i Vossapakka.

Togrovi kraftverk vil føre til terrenginngrep i form av vegar, inntaksdam, røytrase og kraftstasjon. I anleggsfasen er det trong for eit ryddebelte på 20-25 meter langs røytraseen. Prosjektet forutset og overføring av vatn mellom 3 elver med dei inngrep det medfører. Inntak / terskel er lagt ved friluftsområdet der gardsbruket Luren ligg, med neddemt areal på ca 500m<sup>2</sup>.

Prosjektet peiker på gamle bygg, kulturlandskap, den gamle garden To, med taubane og strømkabel, samt nedlagt husmannsplass og restar etter gardsbruk som tidlegare inngrep i influensområdet. Etter vårt skjønn er dette å rekne som kulturhistoriske minne, som ein som vitjande set pris på å oppleve.

Til saman er det store områder med natur som blir influert av prosjektet ved at ein også overfører vatn mellom fleir elvar. Å leier vatn forbi naturleg rute og absorbering vil være negativt for Teigdalselva og Evangervatnet som har kjente vanskar med flaum og erosjon. Tiltaket vil medføre eit totalt bortfall av INON på omtrent 1,8 km<sup>2</sup>. Dette må ein unngå. Teigdalen aust er, i motsetnad til vest, urørt. Dette er viktig å ta vare på. Sår i naturen vil ikkje revegeterast raskt. Inngrepa er store med bygging av røyrgate, anleggsveg, neddemt areal, anleggsplass, kabelgrøft, og kraftverk etc. Vannjolo, Tesgjolo og Gosland utbyggingane er eksempel på kor skjemma det vil bli visuelt og for friluftsliv.

Dei siste åra har det vore utøvd ein politikk som har redusert tilgangen på urørt natur lokalt betrakteleg. Med bakgrunn i stor utbygging i vassdrag i Noreg, Vestlandet og området Voss kommune vil ein rå i frå konsesjon til fleire. Utbygginga det er søkt om gir liten effekt sett i forhold til dei negative konsekvensane av utbygginga. Her er potensielt store tap av urørt natur, med inngripen i naturmangfaldet med dei konsekvensar det har for notid og framtid. Ein må og ta inn over seg at utbyggingane kan være med å endre flaumbiletet i negativ retning då det å legge vatn i røyr og tunell vil være å lede det vekk frå naturleg miljø for absorbering. Ein ber om at ein ser Voss Kommune under eitt, med dei konsekvensar det har for totalbiletet.

Området Voss er sterkt influert av utbygging, her er Brekkhus er allereie sterkt påverka av utbygging. Me meiner det viktig å vektlegge kor viktig urørt natur er for mangfaldet og for friluftsliv og rekreasjon.

Voss Utferdslag vil rå i frå at Togrovi kraftverk vert gjeven konsesjon.

Voss 09.03.2017

Voss Utferdslag, boks 55, 5701 Voss.  
Org nr : 981 115 821

E-post: voss.utferdslag@turistforeningen.no  
knt nr: 3480 30 51250

# Voss Utferdslag



Richard J. Jacobsen  
Styreleiar

Toril Hunnålvatn  
Dagleg leiar